

Informasjon til heimen om behandling av personopplysningar og innhenting av avgangselevar våren 2021

Avgangselevar frå ungdomsskolen har rett til 3 år vidaregåande opplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Fylkeskommunen har gjennom Oppfølgingstenesta (OT) også ansvar for å følgje opp ungdom mellom 15 og 21 år som ikkje er i opplæring eller i arbeid. For at Møre og Romsdal fylkeskommune skal kunne oppfylle elevane sin rett til vidaregåande opplæring og oppfølging må vi vite kven ungdommane er.

Avgangselevane frå grunnskolen blir oppretta som søkarar på vigo.no etter at grunnskolen har sendt fylkeskommunen ein elektronisk oversikt med navn og fødsels- og personnummer. Ungdommane får rett etter nyttår automatisk tilsendt MinID frå Skattetaten som dei treng for å logge på vigo.no. Når elevane er oppretta som søkarar kan ungdomsskolane sende karakterane elektronisk til fylkeskommunen slik at eleven sjølv slepp å sende dette til fylkeskommunen.

Informasjonen som blir overført frå grunnskolen skal brukast i samband med søking til vidaregåande opplæring og av Oppfølgingstenesta (OT) dersom ungdommen ikkje søkar vidaregåande opplæring.

Elevar som ikkje ønsker at grunnskolen skal sende personopplysningar til Møre og Romsdal fylkeskommune må sjølv gi beskjed til sin skole om det. Vi gjer merksam på at elevane då sjølve må opprette seg som søkarar på vigo.no, bestille MinID og sjølv sørge for at karakterane blir sendt Møre og Romsdal fylkeskommune i februar og juni innan fristane for å konkurrerer med karakterpoeng i inntaket i juli. Elevar mellom 15 og 21 år som ikkje er overført til Møre og Romsdal fylkeskommune må sjølv kontakte Oppfølgingstenesta (OT) for oppfølging dersom dei ikkje søker vidaregåande opplæring eller ikkje er i arbeid.

Informasjonen som blir overført frå grunnskolen til Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune

I november sender grunnskolen ei fil til fylkeskommunen med oversikt over alle avgangselevane som har norsk fødsels- og personnummer. Elevar med DUF-nummer i påvente av norsk fødsels- og personnummer blir ikkje overført til fylkeskommunen. Ungdommane blir oppretta som søkarar og får rett etter nyttår automatisk tilsendt MinID frå Skattetaten som dei treng for å logge på vigo.no.

I februar sender grunnskolen ei fil til fylkeskommunen med karakterar frå første halvår, samt fråvær og karakterarar i orden og åtferd. Informasjonen blir brukt til prøveinntak og dimensjonering av tilbodet i Møre og Romsdal.

I juni sender grunnskolen ei fil med standpunkt- og eksamenskarakterar, fråvær og karakter i orden og åtferd. Informasjonen blir brukt til inntak til vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.